


Mosby 18.01.2017

# Bønn



## Luk 18:1-8

<sup>1</sup> Han sa ei likning til dei om at dei alltid skulle be og ikkje trøytna. <sup>2</sup> I ein by var det ein domar som ikkje hadde frykt for Gud og ikkje tok omsyn til noko menneske. <sup>3</sup> Og det var ei enkje der i byen. Gong på gong kom ho til han og sa: Hjelp meg til å få rett over motparten min! <sup>4</sup> Lenge ville han ikkje, men til sist sa han til seg sjølv: Om eg korkje ottast Gud eller tek omsyn til noko menneske, <sup>5</sup> så vil eg likevel hjelpa denne enkja til å få rett, av di ho umakar meg slik. Elles kjem ho vel til sist og slår til meg. <sup>6</sup> Og Herren sa: Høyr kva den urettferdige domaren seier! <sup>7</sup> Men skulle så ikkje Gud hjelpa sine utvalde til retten deira, dei som ropar dag og natt? Dryger han når det gjeld dei? <sup>8</sup> Eg seier dykk: Han skal skunda seg å hjelpa dei så dei får retten sin! Men når Menneskesonen kjem, skal han då finna trua på jorda?

## Det å be er eit kjenneteikn på åndeleg liv

**Rom 8:15** «De fekk ikkje ei trældomsånd, så de atter skulle ottast. Nei, de fekk Barnekårsanden, som gjer at vi ropar: Abba, Far!»

**1.Kor.1:2** «Paulus, som etter Guds vilje er kalla til Kristi Jesu apostel, og bror vår Sostenes helsar Guds forsamling i Korint, de som er helga i Kristus Jesus og kalla til å vera heilage saman med **alle som kvar på sin stad påkallar vår Herre Jesu Kristi namn** – han som er deira og vår Herre»

**Apg 9:11** «For sjå, han ber!»

## **Gud har gjort alt ferdig på si side.**

**Job.16:19-22** «Sjå, jamvel no har eg mitt vitne i himmelen, i det høge er det ein som talar mi sak. Min talsmann er min ven. Med gråt ser mitt auge mot Gud, og hjå Gud talar han saka for mennesket, slik ein mann bed for nesten sin. For om få år skal eg fara den vegen som eg ikkje fer attende».

**Heb 4:15-16** «For vi har ikkje ein øvsteprest som ikkje kan ha medynk med oss i vår veikskap, men ein som er prøvd i alt på same måten som vi, men utan synd. Lat oss difor gå fram for nådens trone med frimod, så vi kan få miskunn, og finna nåde til hjelp i rette tid.

## **Gud har gjort alt ferdig på si side.**

**2.Mos.28:36ff** «Du skal laga ei plate av reint gull. På den skal du gravera inn som i eit signet: «Helga til Herren»(...) Ho skal sitja på panna til Aron. Slik kan Aron bera den synda som heng ved dei heilage offera som israelittane vier til Herren når dei ber fram sine heilage gåver. Ho skal alltid sitja på panna hans, så gåvene kan vera til glede for Herren».

**Rom.8:26** «På same måten kjem Anden oss til hjelp i vår maktløyse. For vi veit ikkje kva vi skal be om for å be rett, men Anden sjølv går i forbøn for oss med sukk utan ord»

## **Daniels bønn**

**Daniel 9:1-2** «I det fyrste styringsåret til Darius, son til Ahasverus – han som var av medisk ætt og hadde vorte konge over kaldearriket – i det fyrste året av styringstida hans granska eg, Daniel, i bøkene og merka meg talet på dei åra som Herren hadde tala om til profeten Jeremia – at han ville la det gå heile sytti år medan Jerusalem låg i ruinar».

**Dan 9:3** «Då vende eg andletet til Gud Herren for å søkja han med bøn og audmjuke ynske, med faste i sekk og oske».

**Jakob 5:16b** «Ein rettferdig manns bøn har stor kraft og verknad».

## Eit kongeleg presteskap

**1.Peter 2:5+9** «... vert sjølve oppbygde som levande steinar til eit åndeleg hus, til eit heilagt presteskap til å bera fram åndelege offer, slike som er til hugnad for Gud ved Jesus Kristus. (...) Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk til eignedom, så de skal forkynna hans stordom, han som kalla dykk frå mørkret til sitt underfulle ljøs»

**Ef. 6,18** «Bed til ei kvar tid i Anden med all bøn og påkalling. Ver årvåkne i dette, og ver uthaldande i bøn for alle dei heilage.»

## Be med engasjement

- **Jakob bad:** «Eg slepp deg ikkje før du har velsigna meg» (1.Mos.32:26).
- **Daniel bad:** «Min Gud, vend øyret til og høyr! Lat opp auga dine og sjå ruinane våre og byen som ditt namn er nemnt over. For det er ikkje i tillit til våre rettferdige gjerningar at vi ber våre rop om nåde fram for ditt andlet, det er i tillit til di store miskunn. Herre, høyr! Herre, tilgjev! Herre, lytt og grip inn, dryg ikkje – for di eiga skuld, min Gud! For ditt namn er nemnt over byen din og folket ditt.» (**Daniel 9:18-19**)
- **Jesus bønoliv:** «Då Jesus levde som menneske, bar han fram bøner og naudrop, med høge skrik og tårer, til han som kunne berga han frå døden, og han vart bønheyrd fordi han var gudfryktig.» (**Hebr 5:7**)